

Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudstenesta

Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudstenesta er vedtekne av Kyrkjemøtet xxxxx. Dei skal brukast i samsvar med kongeleg resolusjon frå 13. oktober 2006 med heimel i § 16 i Kongeriket Noregs grunnlov frå 17. mai 1814. Om dispensasjon frå ordninga, jf. sak KM XX/2011.

- A Regelverk og definisjonar
- B Reglar for hovudgudstenesta
- C Reglar for fastsetjing av Lokal grunnordning
- D Avgjerdsamt

A Regelverk og definisjonar

1. Allmenne føresegner og Ordning for hovudgudstenesta er *det overordna regelverket* for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja.

Hovudgudstenesta er gudstenester på søn- og helgedagar som biskopen har fastsett skal vera hovudgudsteneste i kvart sokn, jf. Tenesteordning for biskopar (TOB).
§ 3.

Regelverket gjeld for kvar hovudgudsteneste (jf. B) og for fastsetjing av den lokale grunnordninga for hovudgudstenester i kyrkjelyden (jf. C) og kven som har avgjerdsmakta for desse gudstenestene (jf. D).

Regelverket er utforma som

- Allmenne føresegner
- Liturgiteksten i Ordning for hovudgudstenesta
- Rubrikkar i Ordning for hovudgudstenesta

Regelverket skal sikra ei felles ramme for feiringa av hovudgudstenester i Den norske kyrkja.

Regelverket er forpliktande for personar og organ med ansvar for gudstenestelivet i kyrkjelyden og kan berre gjerast unntak frå dersom ordninga sjølv og dei ulike ledda opnar for det. Biskopen kan etter søknad godkjenna at kyrkjelydar held fram med å bruka liturgiane frå 1920 og 1977, eller deler av desse, enten fast eller eit begrensa antall gonger i året. Ei slik godkjenning kan ein få for inntil fire år om gongen. Soknemøtet skal få høve til å koma med sitt syn før soknerådet sender slik søknad. I kyrkjelydar som nyttar samisk språk, gjeld den liturgien som blir brukt i dag, til det ligg føre godkjende samiske omsetjingar av Ordning for hovudgudstenesta.

Regelverket gjeld frå den tid Kyrkjemøtet har fastsett.

2. *Allmenne føresegner* for hovudgudstenesta gjeld òg dåp. Reglar for dåp ligg føre i fullstendig form i innleiingsdelen til Ordning for dåp.

3. Allmenne føresegner kjem i staden for
I Felles rettleiing (Generalrubrikkar)
II Hovudgudstenester på søn- og helgedagar.

På sikt kjem dei òg til å erstatta heilt
III Andre gudstenester bundne av kyrkjeåret og
IV Andre gudstenester ubundne av kyrkjeåret,
slik det står i Gudstenestebok for Den norske kyrkja (Verbum 1996).
Kyrkjemøtet fastset nærare reglar om pkt. III og IV.

Allmenne føresegner kjem òg i staden for alt tidlegare regelverk i Forsøkssaker fastsette av Kyrkjerådet frå 1995–2010, med dei generalrubrikkane, allmenne føresegnene og rubrikkane som høyrer med.

Det gjeld forsøkssaker vedtekne i KR 23/95 om

- dåpslys
- alternative kyrkjelydssvar og forbøner i ordninga Familiegudsteneste
- alternative forbøner i ordninga Høgmesse
- forsakinga i gudstenesta
- særskilt om nattverd
- val av salmar utanom Norsk salmebok

Vidare gjeld det

- sak KR 57/96 (KR 63/96) tillegg til Norsk salmebok (Salmer 1997)
- sak KR 16/02 plassering av dåp
- sak KR 17/02 bønner i konfirmasjonstida
- sak KM 10/04 / KR 21/05 regional godkjenning av liturgiske forsøk (mellombels delegasjon til biskopane)
- sak KR 66/05 Prøving av NT-05 i gudstenesta
- sak KR 24/06 Forbøn for Sametinget

4. Definisjonar

Liturg er ordinert prest eller ein annan person med fullmakt frå biskopen til å forretta hovudgudstenester.

Medliturg er alle som i tillegg til liturgen gjer liturgiske oppgåver i gudstenesta.

Kyrkjemusikar er kantoren eller organisten i kyrkjelyden. Ved enkeltgudstenester (jf. del B) er det tenestegjerande kyrkjemusikar og ved fastsetjing av lokal grunnordning (jf. del C) den fast tilsette kyrkjemusikaren.

Lokal grunnordning er dei reglane om utforming av hovudgudstenesta som soknerådet vedtek innanfor ramma av Ordning for hovudgudstenesta, og dei reglane som gjeld for denne ordninga (jf. C).

5. Allmenne føresegner gjeld både hovudgudstenesta og andre gudstenester som kyrkjelyden feirar, så sant dei handlar om det same.

B Reglar for hovudgudstenesta

1. Medlemmene i kyrkjelyden, også born og unge, bør vera med å førebu og gjennomføra hovudgudstenesta.
2. Liturgen har ansvar for å leia førebuinga og gjennomføringa av hovudgudstenesta i samsvar med
 - Ordning for hovudgudstenesta,
 - Lokal grunnordning og
 - ordnasjonslovnaden, slik det er gjort greie for i ordning for Vigsling til presteteneste.

Liturgen har rett til å bestemma på alle andre område enn der andre har avgjerdsrett (jf. § 7 i Tenesteordning for kyrkjelydsprestar).

3. Tenestegjerande kyrkjemusikar har si oppgåve knytt til det musikalske innhaldet i gudstenesta. Han eller ho er ansvarleg for å førebu og gjennomføra eigne arbeidsoppgåver og skal i tillegg gje råd og rettleiing til andre som gjer musikalske oppgåver i gudstenesta.

4. Den avgjerdsretta soknerådet har for hovudgudstenesta, gjeld vedtak i ramma av Lokal grunnordning.

5. Prestar ber alba og stola når dei gjer liturgiske handlingar i hovudgudstenesta. Om annan bruk av liturgiske klede, sjå Retningslinjer for liturgisk drakt.

Liturgen skal før gudstenesta sjå til at alt er lagt til rette for at dåp, forkynning, forbøn og nattverdfeiring kan skje på ein forsvarleg måte i den enkelte hovudgudstenesta, og at medliturg(ane) har fått nødvendig opplæring. Sjå Rettleiing s. 000.

Klokkaren eller den som har klokkarfunksjonen, ser til at altarbordet og utstyret som høyrer med, er reint og heilt, at dei bøkene som skal brukast, ligg på rette plassen, og at dei rette salmenummera er synlege for kyrkjelyden på fastsett måte. Klokkaren ser òg til at teleslynge og audiovisuelt utstyr verkar. Klokkaren kan ha eit koordinerande ansvar for andre medliturgar.

6. I hovudgudstenestene i kyrkjelyden skal ein bruka salmar frå godkjend hovudsalmebok, tilleggssalmebok eller salmedatabasen til Kyrkjerådet. Det kan veljast inntil to salmar frå *andre eigna kjelder*. Om godkjenning, sjå pkt. D 4.

7. Kyrkjelyden står under:
 - første salmen
 - lesinga av evangelieteksten, medrekna hallelujavers
 - truedkjenninga
 - minning av dei døde
 - nattverdsliturgien frå prefasjonsdialogen og fram til utdelinga
 - siste salmen
 - velsigninga

8. Plassering i gudstenesta

Når ein skal vurdera plasseringa av dei medverkande under gudstenesta, må ein ta omsyn til korleis kyrkja er utforma. For å visa at liturgen leier gudstenesta, bør han/ho ha ein synleg plass i koret eller nær altaret. Liturgen skal halda til her når han/ho ikkje har bestemte oppgåver.

Når medliturgen les bibeltekstar og bønner, er det vanleg å bruka lesepulten.

Preika er vanleg å halda frå preikestolen, i særlege tilfelle frå lesepulten eller ein annan stad i koret.

9. Fotografering, lyd- og biletopptak til bruk i offentleg samanheng kan berre skje med samtykke frå liturg og kyrkjemusikar på førehand.

10. Grunnstrukturen og hovuddelane i hovudgudstenesta er: **I. Samling, II. Ordet, III. Forbøn, IV. Nattverd og V. Sending.**

Reglar som gjeld hovuddelane i gudstenesta, er utforma dels som rubrikkar til dei ulike ledda i Ordning for hovudgudstenesta eller som nedanfor:

I. Samling

Syndsvedkjenninga kan koma anten i samlingsdelen eller i forbønsdelen. Soknerådet kan søkja biskopen om å få bruka godkjend ordning for skriftemål i hovudgudstenesta i staden for syndsvedkjenning.

Når det gjeld dåp, sjå pkt. 7 i Ordning for hovudgudstenesta og i dåpsliturgien.

II. Ordet

Tekstlesinga skal hentast frå godkjend tekstbok for Den norske kyrkja. Evangelieteksten skal lesast i kvar hovudgudsteneste.

Preika blir halden over evangelieteksten eller annan preiketekst fastsett av Kyrkjerådet. Forteljingsteksten kan koma i staden for den oppsette preiketeksten. I særlege tilfelle kan liturgen preika over ein fritt vald bibeltekst. I preikedelen kan det i samråd med liturgen leggjast inn aktualiserande, dramatiserande eller aktiviserande element som er samordna med innhaldet i preika.

III. Forbøn

Forbøna i gudstenesta bør vera lokalt forankra, og forbønsleiaren bør helst vera ein medliturg. Lokalt utforma bønner skal utformast skriftleg og godkjennast av liturg.

IV. Nattverd

Liturgen leier nattverdfeiringa. Liturg som er ordinert prest, ber messehaket.

Brødet og vinen kan setjast på altaret eller på eit sidebord før gudstenesta eller berast inn når gudstenesta tek til, og setjast anten på altaret eller sidebordet. Liturgen har ansvar for at det er nok og eigna brød og vin til nattverden.

Nattverdsbrødet kan vera syra eller usyra brød. Brødet kan ein gje som oblat, eller bryta det frå eit felles brød. Det skal vera høve til å ta i mot nattverd utan spor av gluten i oblaten.

Nattverdsvinen kan vera all slags rein, vanleg druevin – kvit eller raud. Ein kan òg bruka alkoholfri vin av alle slag. Soknerådet avgjer kva slags vin som skal brukast. Alkoholhaldig vin kan blandast med opp til 50 % vatn dersom soknerådet vedtek det.

Utdelinga kan skje ved knefall ved altarringen (felles eller kontinuerleg) eller ståande i andre delar av kyrkjerommet. Under ståande nattverd tek kvar kommunikant med seg ein særkalk fram til utdelingsstaden og tek imot vinen i denne kalken. Det vanlege er at nattverdsgjestene tek imot både brødet og vinen til å eta og drikka.

Intinksjon (dypping) kan nyttast i særlege høve. Det er soknepresten i samråd med soknerådet som bestemmer om det skal vera intinksjon.

Liturgen kan få hjelp av medliturg(ar), som er med både under førebuinga av måltidet og under utdelinga.

Liturgen avgjer kva for ei nattverdsbøn som skal nyttast, og leier denne bøna. Liturgen skal alltid messa eller seia fram den innleiande prefasjonsdialogen og innstiftingsorda og helsa kyrkjelyden under fredshelsinga. Ein medliturg kan seia fram delar av nattverdsbøna. Ved utdelinga deler liturgen ut brødet.

Brød og vin som blir til overs etter utdelinga, skal takast hand om på ein verdig måte.

Nattverden er open for alle som er døypte.

Born eller andre som kjem fram til nattverdsbordet og ikkje ønskjer å ta imot nattverden, blir velsigna med handspålegging eller krossteikning og velsigningsord av den presten som gjer teneste (jf. ledd 19 i Ordning for hovudgudstenesta).

Presten i kyrkjelyden kan nekta ein person å gå jamleg til nattverd. Dersom personen er medlem i Den norske kyrkja, skal saka leggjast fram for biskopen på førehand.

V. Sending

I hovudgudstenestene er det vanleg å bruka den aronittiske velsigninga, og alltid når ein feirar hovudgudstenesta som høgmesse.

Ein kan bruka postludium eller salme til avslutning (utgang).

11. Prosesjonar

Inngangs- og utgangsprosesjon

Prosesjon er eit liturgisk uttrykk for at Guds folk er på vandring inn i (samling) og til vanleg ut av kyrkjehuset (sending) på veg mot det evige målet i Guds rike.

Dei som er med i prosesjonen, representerer heile kyrkjelyden. Medliturgane og eventuelle dåpsborn/dåpskandidatar med følgje kan vera med i inngangsprosesjonen.

Dersom ein bruker prosesjonskross, skal det alltid berast fremst i prosesjonen. Det same gjeld prosesjonslys, som ein ber ved sida av kvarandre litt bak prosesjonskrossen. I inngangsprosesjonen kan ein òg bera inn brødet og vinen, dåpsvatnet, tekstboka eller Bibelen og eventuelle gjenstandar som har med temaet i gudstenesta å gjera. Liturgen går sist.

Dersom gudstenestemedarbeidarane ikkje har vore samla til bøn for gudstenesta, ber liturgen ei kort bøn før prosesjonen går inn.

Inngangsprosesjonen kjem under preludiet/forspelet eller inngangssalmen.

Utgangsprosesjonen kjem under postludiet eller utgangssalmen. Liturgen bestemmer rekkjefølgja på dei som skal vera med i utgangsprosesjonen. Det er vanleg at kyrkjelyden følgjer prosesjonen ut av kyrkja.

Evangelieprosesjon

Evangelieprosesjon kan nyttast under evangelielesinga. Under evangelieprosesjonen syng kyrkjelyden halleluja- eller salmevers, eller det kan framførast musikk som passar.

Festprosesjon

Som festtog er prosesjon naturleg ved dei kyrkjelege høgtidene og på spesielle festdagar i kyrkjelyden, like eins ved konfirmasjon og vigslingshandlingar.

Biskopen, presten eller ein annan i prosesjonen ber ei kort bøn før prosesjonen byrjar å gå. Under festprosesjonen kan det vera ringing med alle klokkene eller kiming til prosesjonen kjem inn i kyrkjerommet.

Rekkjefølgja i ein større prosesjon blir gjerne ordna etter alder og kyrkjeleg stilling, til dømes med born og ungdom først og liturgen sist.

12. Bruk av lys

Brennande altarlys (og påskelys) symboliserer Kristi nærvær i kyrkjelyden. Det skal brukast berre kvite, levande lys. Etter gammal tradisjon i Den norske kyrkja har altaret to lysestakar, kvar med eitt lys. Er det fleire lysestakar, skal ein ta bort frå altaret dei som ikkje er i bruk under gudstenesta. Der interiøret i kyrkja gjer det naturleg, kan ein setja låge lys på eine kortsida av altaret, eller lysa kan stå til dømes i stakar på golvet.

Når andre lys i kyrkja skal tennast, til dømes etter lesing av spesielle tekstavsnitt og i samband med dåpen (dåpslys), bør elden til lysteninga koma frå altarlysa eller påskelyset etter den skikken som er i kyrkjelyden. Soknerådet gjer vedtak om bruk av dåpslys i samråd med prestane i kyrkjelyden. Meir utdjupande reglar finn ein under Reglar for liturgisk inventar og utstyr.

Påskelyset skal brukast først og fremst under påskennattsgudstenesta. Det kan stå tent i altarområdet under alle gudstenestene i påsketida, til og med Kristi himmelfartsdag. Elles i året kan det stå ved døypefonten og brenna under dåpshandlinga.

Ein lyshaldar/lysglobe kan stå på passende stad i kyrkjerommet, gjerne i koret eller ved inngangen. Utforminga må vera tilpassa kyrkjerommet, og lyshaldaren/lysgloben må stå på ein brannsikker stad. Same korleis han er utforma, skal lyshaldaren/lysgloben ha eit lys som kan fungera som kristuslys. Bruken skal tilpassast lokal tradisjon. Meir utdjupande bruksreglar finn ein under Reglar for liturgisk inventar og utstyr.

13. Bruk av kyrkjeklokkene

Regelverket i bind 2 av nåverande Gudstenestebok for Dnk blir ført vidare:

13.1 Avgjerdsomt

I samarbeid med ringjaren/kyrkjetenaren og presten i kyrkja lagar soknerådet ei oversikt over alle eventuelle lokale ringjeskikkar som går ut over reglane i punkt 2-6 i rettleiinga. Denne oversikta blir ført inn i kallsboka.

I samråd med ringjaren/kyrkjetenaren og presten i kyrkja avgjer soknerådet korleis ein best kan tilpassa ringjereglane til vedkomande kyrkje ut frå talet på klokker og tidlegare praksis. Rådet ser til at reglane for kyrkja blir trykte og kunngjorde på passande måte. Soknerådet og presten ser til at reglane blir følgde i praksis.

13.2. Reglar

Kyrkjeklokkene er utvikla i den kristne kyrkja for å tena det liturgiske livet. Klokkene er eigentleg musikkinstrument, ein del av det liturgiske utstyret, og ringjartenesta er ein liturgisk funksjon. Dei liturgiske funksjonane som kyrkjeklokkene har i ei evangelisk kyrkje, kan samlast under desse hovudpunkta:

å forkynna Guds ære – å peika oppover på same måten som kyrkjetårnet og kyrkjespiret;

å samla Guds folk til gudsteneste;

å kalla Guds born til bøn og forbøn;

å minna om det evige livs mål hos Gud i himmelen.

Reglane nedanfor skal vera eit felles minstemål som gjeld alle kyrkjene. Lokale ringjeskikkar som går lengre, skal haldast i hevd og gjelda vidare.

Etter måten å bruka klokkene på skil ein mellom:

Ringing: sjølv klokka svingar på akselen sin. Det er den mest vanlege bruken.

Kiming: ein slår i rask takt med kolven mot slagringen i klokka. Kiming blir brukt i samband med fest og høgtid.

Klemting: ein slår i langsam takt med kolven mot slagringen i klokka. Klemting blir brukt ved sorg og liknande.

Når det skal ringjast med fleire klokker på same tid:

Ein byrjar med den minste klokka, deretter den nest minste osv., og kvar gong med ein pause på 15–30 sekund. Når ein sluttar å ringja, stoppar ein den minste klokka først, deretter den nest minste osv., som då ein begynte.

13.3 På vanlege søn- og helgedagar

Til hovudgudstenesta:

To føreringar, til vanleg med den største klokka, kvar gong i om lag 5 minutt, til dei tidene som er lokal skikk (t.d. 9 og 10, eller 10 og 10.30 e.l.).

Samanringing, med alle klokkene, i om lag 5 minutt. Denne ringinga kan slutta med tre klemt, helst med den største klokka, eventuelt etter punkt 1 i liturgien (førebuing).

3 gonger 3 klemt til slutt, helst med den største klokka.

Til andre gudstenester:

Berre samanringing.

12.4 På spesielle dagar og tider i kyrkjeåret.

På alle høgtidsdagane til jul, påske og pinse skal det kimast til høgmesse like etter første og andre føreringinga og før samanringinga, med den største klokka i om lag 5 + 5 minutt – med ein pause imellom på 1–2 minutt, slik:

1. føreringing

Kiming i om lag 5 minutt
Pause 1–2 minutt
Kiming i om lag 5 minutt
2. føreringing
Kiming i om lag 5 minutt
Pause 1–2 minutt
Kiming i om lag 5 minutt
Kiming i om lag 5 minutt
Pause 1–2 minutt
Kiming i om lag 5 minutt
Samanringing

På høgtidsaftnar, det vil seia julaftan, påskeaftan og pinseaftan, skal det ringjast i om lag 5 minutt og kimast i om lag 5 minutt vekselvis og med ein pause imellom på 1–2 minutt i til saman ein time, til vanleg mellom kl. 17 og 18.

13.5. Ved gudstenester på kvardagar i veka:
Berre samanringing.

13.6. Ved dei kyrkjelege handlingane

Konfirmasjon:

Det blir ringt med alle klokkene til prosesjonen kjem inn i kyrkjerommet.

Vigsling:

Det kan ringjast i om lag 5 minutt før og etter handlinga.

Gravferd:

Det blir klemta i om lag 5 minutt før samanringinga, begge delar med den største klokka.

Det kan klemtast medan følgjet går til grava og medan kista blir senka. Ved slutten av handlinga kan det klemtast 3 gonger 3 slag.

Det kan ringjast medan følgjet går frå grava.

Annan bruk av klokkene bør halda fram etter gammal skikk.

Ordinasjons- og vigslingshandlingar:

Det blir ringt med alle klokkene til prosesjonen kjem inn i kyrkjerommet, eller det kan kimast.

Kyrkjevigsling:

Kvelden før blir det ringt og kima som på høgtidsaftnar.

13.7 Kyrkjekonsertar o. l.

Det kan ringjast saman med éi klokke dersom konserten har klåre liturgiske element.

13.8 Klokkespel

Klokkespel kan koma i tillegg til, men aldri i staden for den bruken av klokkene som er fastsett i desse reglane.

C Føresegner for fastsetjing av Lokal grunnordning

1. *Soknerådet* skal utarbeida forslag til *Lokal grunnordning* for gudstenestelivet i kyrkjelyden. Samanlikna med tidlegare føresegner får soknerådet såleis ei utvida avgjerdsrett over det lokale gudstenestelivet.

Dei vedtaka som soknerådet gjer her, skal nedfellast i ein samla vedtaksprotokoll.

Den lokale grunnordninga blir vedteken for ein fastsett periode, helst 2–4 år.

Soknerådet kan setja ned eit gudstenesteutval til å førebu og utarbeida forslag til vedtak. Dersom det blir sett ned eit gudstenesteutval, har soknepresten sete i utvalet som leiar av gudstenestelivet i kyrkjelyden, som fagperson i teologi og liturgikk, og i samsvar med ordnasjonslovnaden sin (jf. Ordninga for vigsling til presteteneste og Tenesteordning for kyrkjelydsprestar (§ 10 andre ledd)).

Kyrkjemusikaren har sete i gudstenesteutvalet ut frå ansvaret med å leia det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelyden og som fagperson i liturgikk og kyrkjemusikk. (Når det gjeld kantor, sjå pkt. 9 i ordning for Vigsling til kantor og § 2 i Tenesteordning for kantor.)

Før den lokale grunnordninga blir endeleg fastsett, skal prest, kyrkjemusikar, kateket, diakon og andre tilsette i kyrkjelyden få høve til å koma med sitt syn på forslaget. Deretter skal forslaget leggast fram for *soknemøtet* til drøfting og fråsegn.

Vedtaket i soknerådet om Lokal grunnordning skal sendast om prosten og til biskopen, som tilsynsorgan. Til saka skal det òg liggja ved fråsegner frå soknemøtet, frå eit eventuelt mindretal i soknerådet og eventuelt frå soknepresten.

Den lokale grunnordninga som soknerådet vedtek, skal gjerast tilgjengeleg for kyrkjelyden og er å rekna som ei bindande ordning. Hovudgudstenestene i kyrkjelyden skal planleggjast og gjennomførast i samsvar med den lokale grunnordninga.

2. I Lokal grunnordning skal det gjerast vedtak om høgmessa og om andre typar hovudgudstenester. Med andre typar hovudgudstenester er meint hovudgudstenester som kyrkjelyden bruker å feira, og som har ein eigen profil eller eit lokalt særpreg som gjer dei lette å kjenna att.

Soknerådet fastset ulike typar hovudgudstenester innanfor ramma av Ordning for hovudgudstenesta med rubrikkar. Det kan òg brukast liturgisk materiale frå tidlegare ordningar godkjent til bruk i Den norske kyrkja, så som ordning for Forenkla høgmesse, Preikegudsteneste osv., der Ordning for hovudgudstenesta opnar for det.

Desse elementa skal vera med i alle hovudgudstenester:

- Salmar
- Inngangsort
- Syndevedkjenning
- Tekstlesing (evangelium)
- Preike
- Truvedkjenning
- Bøn
- Fadervår
- Velsigninga

Normalt skal det feirast nattverd i hovudgudstenesta.

3. Når ein skal fastsetja dei ulike typane hovudgudsteneste, skal det vera tydeleg *kva som er fast, og kva som er skiftande*. Dei vedtaka ein gjer, blir rammene for feiringa av hovudgudstenesta.

Lokalt utforma samlingsbøn og syndevedkjenning som skal brukast *fast* i gudstenesta, skal sendast om prosten og til biskopen, som tilsynsorgan.

Soknerådet kan vedta å ikkje gjera enkeltvedtak, men la den fast tilsette soknepresten og kyrkjemusikaren i kyrkjelyden ta avgjerdene kvar på sitt felt. Deretter skal soknerådet senda dei samla vedtaka til biskopen.

Kyrkjelydar som ligg i forvaltningsområdet for samisk språk, pliktar å bruka samisk språk i gudstenestelivet. Dette må innarbeidast i Lokal grunnordning.

Soknerådet kan gjera vedtak i desse spørsmåla:

- utforming av førebuingdelen til gudstenesta (jf. ledd 1 i Ordning for høgmessa)
- kva samlingsbøner som skal brukast til kva type gudsteneste
- plassering og val av syndevedkjenning(ar) til kva type hovudgudsteneste
- velja variantar av Kyrie og Gloria
- bestemma om og eventuelt når ein skal bruka dagens bøn
- kor mange tekstlesingar i dei ulike typane hovudgudsteneste
- bruk av den apostoliske og/eller den nikenske truvevkjenninga ved høgtider og andre gudstenester
- velja forbøner og bønesvar
- om ein skal bruka ordninga med å minnast dei døde etter forbøna
- måtar å samla inn takkofferet på
- velja offerformål
- frambering av nattverdsgåvene
- velja druevin, kvit eller raud, alkoholfri eller alkoholhaldig (jf. ledd 4 i B9 Nattverd)
- bruk av syra eller usyra brød/oblat
- utdelingsstad ved nattverden (ved altarringen eller annan stad i kyrkjerommet)
- utdelingsform ved nattverden, (jf. ledd 4 i B9 Nattverd)
- tekstform i Fadervår
- bruk av del to i fredshelsinga

Liturgisk musikk

- velja liturgisk musikk til ledda:
 - Kyrie, Gloria, Halleluja, Credo, bønesvar, Helsing (Sursum corda), Heilag (Sanctus), Fadervår, Du Guds Lam (Agnus Dei), Velsigninga
- bruk av ulike litani
- truvevkjenninga (om ho skal lesast og/eller syngjast)
- Fadervår (om det skal lesast og/eller syngjast)

4. I den lokale grunnordninga set ein opp retningslinjer for hovudgudstenestene i årsplanen for kyrkjelyden, etter den forordninga som kjem frå biskopen. Her bestemmer ein

- *kor ofte ein skal feira dei ulike typane hovudgudsteneste*
- *i kva for ei kyrkje*
- *på kva for ein søn- og helgedag i den enkelte kyrkja*
- *språk og målformer i gudstenesta*

Soknepresten leier arbeidet med å utarbeida års- eller halvårsplan. Planen skal sendast til soknerådet til orientering.

I kyrkjer der det ikkje blir halde høgtidsgudsteneste på 1. dagar, kan høgtidsgudstenesta leggjast til 2. dag.

5. I Lokal grunnordning skal det gjerast vedtak som gjeld dåp i hovudgudstenesta:

- kor ofte det skal vera dåp i hovudgudstenester
- eventuelle reglar for kor mange dåpsborn/dåpskandidatar i ei og same gudstenesta
- plassering av dåpen i gudstenestestrukturen

6. I Lokal grunnordning skal det gjerast vedtak som gjeld praktiske spørsmål:

- bruken av kyrkjerommet før, under og etter gudstenesta
- bruken av medliturgar og andre som hjelper til
- eventuell bruk av liturgiske klede for ikkje-vigsla medliturgar
- bruken av prosesjonar, prosesjonskross, prosesjonslys
- retningslinjer for privat fotografering, lyd og bilettopptak under gudstenesta, jf. B 9 om godkjenning for offentlege opptak.
- andre faste rutinar ut frå lokalt særpreg og behov

D Avgjerdsrett

1. Soknerådet vedtek Lokal grunnordning og sender henne om prostens og til biskopen for godkjenning. Biskopen ser til at den lokale grunnordninga er i samsvar med Ordning for hovudgudstenesta, og melder tilbake til soknerådet. Som tilsynsorgan kan biskopen krevja endringar og koma med nærare rettleiing om gudstenestelivet i kyrkjelyden.

Dersom soknerådet vedtek fleire gudstenester i Lokal grunnordning enn dei som er pålagde, må eventuelle økonomiske plikter vera avtala med vedkomande styremakt (bispedømmeråd og/eller fellesråd).

2. Soknemøtet avgjer språk og målform for hovudgudstenesta, også om det i nokre gudstenester skal brukast eit anna språk eller ei anna målform. Soknemøtet avgjer òg val av godkjend salmebok (jf. § 11 i kl).

Soknemøtet skal bli høyrd før fastsetjing av Lokal grunnordning blir sendt til biskopen. Det same gjeld dersom soknerådet ønskjer å søkja biskopen om å få bruka tidlegare liturgiar (jf A 1). Soknemøtet skal òg bli høyrd om endring av tidspunkt for hovudgudstenesta. (jf D 1).

3. *Biskopen* fører tilsyn med at dei kyrkjelege råda i bispedømmet gjer arbeidet sitt i lojalitet med den evangelisk-lutherske læra (§ 1 tredje leddet i TOB). Biskopen ser til at prestane forvaltar sakramenta, forkynner og sjølv lever i samsvar med den kristne trua slik ho er uttrykt i vedkjenninga og ordningane i kyrkja vår (§ 1 andre leddet i TOB).

Biskopen fastset gudstenester i soknekyrkjene i bispedømmet (jf. § 3 i TOB). Det inneber blant anna at biskopen bestemmer kor mange gudstenester det skal vera i kvar kyrkje, og tidspunktet for dei fastsette hovudgudstenestene. Dessutan utøver biskopen den makta biskopen har etter reglane for liturgien (§ 4 i TOB).

4. *Liturgen* har det overordna ansvaret med å førebu og gjennomføra den enkelte gudstenesta. Er det usemje om noko som gjeld ei gudsteneste, skal liturgen ta avgjerd innanfor ramma av Ordning for hovudgudstenesta og den lokale grunnordninga. Oppgåvene til liturgen er regulerte i Tenesteordning for kyrkjelydsprestar.

Kyrkjemusikaren gjer sine oppgåver i samsvar med den arbeidsomtalen som høyrer til stillinga. Kantoren gjer sine oppgåver i samsvar med arbeidsomtalen og tenesteordninga for kantor.

Dei gudstenestelege funksjonane til *kateket* og *diakon* er regulerte av dei retningslinjene som er utarbeidde for dei.

Liturgen avgjer val av:

- inngangsort
- lovnadsord etter syndevedkjenninga
- annan predikant enn liturgen sjølv
- preikeform
- nattverdsbøn

Dei medliturgane som hjelper til med å dela ut nattverd, skal normalt ha oppnådd religiøs myndigalder. Soknepresten er godkjenningssinstans og formulerer ei skriftleg godkjenning.

5. *Prest og kyrkjemusikar* er innbyrdes forplikta til å drøfta spørsmål som grip inn i ansvars- og fagområdet til den andre. Det skal leggjast stor vekt på felles planlegging av gudstenestene i kyrkjelyden. Liturgen skal godkjenna alle tekstar og andre innslag i gudstenesta. Kyrkjemusikaren skal godkjenna dei musikalske uttrykka. Der det er usemje som gjeld ansvars- og fagområda til begge partane, skal liturgen ha siste ordet om den aktuelle gudstenesta.

6. Kyrkjerådet kan gje nærare presiseringar av Allmenne føresegner. Kyrkjerådet gjer vedtak om Liturgiske forsøkssaker.